



Kor i bygda er dette biletet frå 1953 teke, undrar Esther Mørstad, Målfrid Tveito og Else Mæland Pile (frå venstre) som gjorde teneste i kafeen tysdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Besøket på TI-aren kafe i Gamleskulen på tysdagane har vore brukbart utover våren og forsommaren, men det kunne ha vore betre!**

I mai var det stort sett innom rundt 15 gjester medan talet har auka til 20 så langt i juni.

- Vi reknar med fleire utover sommaren, når mange uskedelingar vender heim og gjerne vil ha kontakt med gamle kjende, seier trioen som gjorde teneste denne tysdagen: Esther Mørstad, Målfrid Tveito og Else Mæland Pile.

Neste tysdag vil gjestene ha noko ekstra og sjå fram til: Då vil galleriet med "1953-foto" teke av fotograf Nordahl frå Sogn vera på plass på nordveggen og dei vil sikkert utløysa mange refleksjonar og kommentarar om bygda og tilhøva her for vel 50 år sidan.

Spesielt eit bilete har allereie nok utløyst mange spørsmål: Kor i all verda er det teke?

Av Ola Matti Mathisen



Kor er dette biletet teke? Fleire meiner det er frå Holmen, men er det rett? (Foto: Ola Matti Mathisen)